



Anne Guro Dale (nr. 4 frå høgre) med familien fekk sjå kor bestefaren, Jens Kristoffer, dreiv som bøkker i åra før og etter 1900.

Anne Guro Soleng (f. Dale) frå Sagvåg på Stord kom med familien til Bøkkerverkstaden for å syna fram plassen der bestefar hennar, Jens Kristoffer Myklebust, dreiv som bøkker kring 1900. Han var gift med Andrea Dale og flytta seinare til Borgundøy på Fjelberg. Syster til Anne Guro, Marit Erdal, var også med på turen.

Anne Guro Soleng har saman med mannen og familien Lakselv vore på Bøkkerverkstaden for nokre år sidan. No var det viktig at resten av familien fekk sjå og læra om plassen. Bestefaren, Jens Kristoffer Jensson, fødd i 1870, kan vera den personen som bygde verkstaden. Bøkkerverkstaden på Rød gav på det beste arbeid til 8 - 10 mann. Det var drift fram til straumen kom i 1920 åra. Då vart tønneproduksjonen mekanisert og det var ikkje lenger økonomi i å laga tønner som attåtnering på gardane.

Familien Soleng sette stor pris på det dei fekk sjå og oppleva på Rød. Diktet Jens Bøkkar av Olaf Agnar Gausvik vart deklamert der eit av omkvæda lyder slik:

***Feitsild i tydno, feitsild i tydno
trebmande fudle blir tydno på Rød.
Og han song mens han sleit og drog so salte svetten radn:
No blir da feitsild i tydno på Rød.***

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Bøkkerverkstaden på Rød ligg vakkert til ved Storsund.